



Tokke kommune  
3880 Dalen

[www.tokke.kommune.no](http://www.tokke.kommune.no)  
[post@tokke.kommune.no](mailto:post@tokke.kommune.no)

## Stoda i Tokke kommune.

Tokke kommune er no inne i ei tid med store utfordringar og ein del utskiftingar i organisasjonen.

Me har ein del stillingar som er ubemanna, noko som gjer at me ikkje greier å produsere tenester på det nivå me ønskjer.

Rådmannen har varsla at han går frå stillinga si. Me har for tida ikkje helse- og sosialsjef, og personalsjefen har vore sjukmeld i lengre tid.

Rådmannstillinga er lyst ledig med søknadsfrist 23.05. Inntil ny rådmann er tilsett skal Olav Bjørn Bakken fungere i stillinga.

Kultur- og oppvekstsjef Tove Palmork Haavelmoen er konstituert som personalsjef inntil vidare for at personalarbeidet skal få den merksemd dette fagområdet må ha. Dette gjer at Borghild Lurås Stahl ( kultur ) og Gro Egeli ( barnehage/ skule ) får utvida sine arbeidsoppgåver.

Helse- og sosialsjef stillinga er ledig. Stillinga som teknisk sjef er vakant, men er utlyst og vil vonleg bli fylt i nær framtid.

Olav Bjørn Bakken fungerer som teknisk sjef inntil me har fått tilsett ny teknisk leiar. Olav Bjørn Bakken fungerer også som helse- og sosialsjef.

Økonomisjef Tjøstov Djuve og Næringssjef Nils Gjerde får utvida mynde i denne utfordrande tida. Palmork Haavelmoen og Gjerde har møter med hovudtillitsvalde og hovudverneombod kvar måndag. Vidare har toppleiargruppa 3 faste leiarmøte kvar veke for å fordele oppgåver som det er naudsynt å prioritere.

Toppleiargruppa i Tokke kommune er no: Olav Bjørn Bakken, Tove Palmork Haavelmoen, Tjøstov Djuve og Nils Gjerde.

I tillegg til ledige stillingar og rolledeling på toppleiarnivå er følgjande mellomleiarstillingar ledige: arkivleiar/ leiar for serviceavdelinga og jordbrukssjef.

Takka vere positiv innstilling og stor arbeidsinnsats frå alle tilsette i organisasjonen, og konstruktivt samarbeid med tillitsvalde, vonar me at tilsette og publikum ikkje har for store ulemper med den situasjonen me er i. Me vil følgje opp med meir informasjon i vekene som kjem.

For leiargruppa  
Nils Gjerde